



Charles Sommerseth Lilleskare  
Titlandsvegen 389  
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3967 - 17/4698

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

10.02.2017

## Førebels svar- søknad om frådeling av to parsellar - gbnr 129/9 Titland søndre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.12.16

### Planstatus

Eigedom gbnr. 129/9 er omfatta av kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023. Arealet som er søkt frådelt er i hovudsak sett av til LNF-spreidd fritidsbusetnad.

Delar av araelet som er søkt frådelt er sett av til LNF-føremål, frådeling av areal til fritidsbusetnad i LNF-føremål krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon.

Vi gjer merksam på at skissert vegtilkomst til parsellane vil krevje at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå LNF-føremålet før vegen kan oppgraderast og vidareførast fram til dei nye parsellane.

### Tilkomst

Avkøyrsla som det vert vist til i søknad er godkjent som avkøyrsløve til landbruket. Tiltaket krev at det vert gjeve løyve til utvida bruk av avkøyrsløve, vi viser forøvrig til vilkår gjeve i avkøyrsløyve datert 06.12.10 i sak 2010/2256. De kan nytte vedlagt skjema for å søkje om utvida bruk av avkøyrsløve.

Vegen det vert vist til vart vurdert å vere eit ikkje søknadsplitig tiltak, då den på det tidspunkt det vart søkt om løyve skulle nyttast som tilkomstveg til driftsbygning.

Bruken som de no legg opp til krev oppgradering av vegen samt dispensasjon frå LNF-føremålet for å vidareføre vegen fram til parsellane de søkjer om å frådele.

### Nabovarsling

Det er ved søknad ikkje lagt ved blankett 5155 (sjå vedlegg) dette er ein erklæring som syner kva som er nabovarsla og kva vedlegg nabo har motteke.

### Oppdeling av søknad

Vi gjer merksam på at slik søknaden ligg føre vert den å rekne som ein eit-trinnssøknad. For at kommunen skal kunne handsame søknaden i eit-trinn må de søkje om utsleppsløyve. Eventuelt kan de velje å dele opp søknaden og søkje om rammeløyve, sånn at søknaden kan handsamast utan at det ligg føre utsleppsløyve. .

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Det er i søknad opplyst at parsellane skal tilknyttast privat felles vassverk, skal ha tilkomst via landbruksveg og skal ha minireinseanlegg. Det er ikkje dokumentert at privatrett er sikra, det må lagast til ein erklæring frå grunneigar som gjev omsøkte paresllar rett til etablering, drift og vedlikehald av veg, vatn- og avløpsanlegg før kommunen kan handsame søknaden.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for frådeling av omsøkte parsellar, vi legg ved ein rettleiar med omsyn til søknad om dispensasjon.
2. Dispensasjon skal nabovarslast.
3. Det må leverast inn gjenpart av nabovarsel, blankett nr. 5155.
4. De må skriftleg melde attende om de ønskjer å dele opp søknaden, og be kommunen handsame søknaden som rammeløyve. Eventuelt må de søkje om utsleppsløyve.
5. Det må sendsat inn ein erklæring frå grunneigar som gjev omsøkte parsellar rett til etablering, drift og vedlikehald av veg, vatn- og avløpsanlegg.

**Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 24.03.17.**

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

5155n-opplysninger\_gjeve\_i\_nabovarsel  
Søknadsskjema avkjørsle  
NKF rettleiar dispensasjon

**Mottakarar:**

Charles Sommerseth Lilleskare

Titlandsvegen 389 5912

SEIM

Kristine Hunter Allport

Titlandsvegen 389 5912

SEIM